



Stor aktivitet i Gamleskolen laurdag med Lionspresident Gianni Rebaudo til høgre

**Laurdag var det pakking og sortering i stort omfang av borneklede samt sko og leikar som skal sendast til flyktningssleiren Aarsal nord i Libanon. Innsatsen fann stad både i Gamleskolen i Uskedalen og i Lillehammer, der det varmande initiativet til aksjonen vart teke. Den har etter kvart spreidd seg slik at 60 000 syriske born no er sikra varme klede og sko til vinteren.**

Samlestaden her i landet er Karmøy og derifrå vart containarane sendt via Rotterdam til Beirut dit dei kjem 14 november. Karen Lauvålien i Lillehammer, som var blant initiativtakarane, seier til GD at ho veit kor mykje ulltøy som ligg innerst i skåp rundt om. Ho har lenge hatt ein ide om å rydda og få sendt tøy til nokon som verkeleg treng det.

Frilansjournalist Einar Lyngar i Ringsaker, som har gjort ein utruleg innsats gjennom mange år for å hjelpa trengande i andre land, vart kontakta av Karen og dermed var prosjektet på gang.

Det bur 140 000 flyktingar i Aarsal, mange av dei held til i plasttelt der det ikkje er golv. Ungane er dermed truga av frostskaider.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen